

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Viktor Ellingbø	FE-151	22/666

Saknr	Utval	Type	Dato
022/2022	Arbeidsmiljøutvalet	PS	14.11.2022
016/2022	Administrasjonsutvalet	PS	14.11.2022
018/2022	Ungdomsrådet	PS	22.11.2022
015/2022	Eldrerådet	PS	21.11.2022
010/2022	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	21.11.2022
	Kommunestyret	PS	
112/2022	Formannskapet	PS	14.11.2022

## Årsbudsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026

### Vedlegg:

#### Journalposttittel

Rådmannen sitt forslag til årsbudsjett 2023 og ØP 2023-2026

#### Dato

08.11.2022

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Driftsbudsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026 blir fastsett slik det er lagt frem i rådmannen sitt forslag til årsbudsjett og økonomiplan, og i samsvar med bevillingsoversikt drift jf. pkt. 9.2.

Investeringsbudsjett 2023 blir fastsett slik det er lagt frem i rådmannen sitt forslag til årsbudsjett og økonomiplan, og i samsvar med bevillingsoversikt investering jf. pkt. 9.3.

Investeringsaktiviteten i 2023 blir finansiert av tidlegare mottekne tilskotsmidlar, utan optak av lån.

Masfjorden kommune tek opp inntil 2,5 mill. i lån frå Husbanken i 2023 til vidareutlån som startlån i samsvar med Husbanken sine retningslinjer.

Satsar for kommunale avgifter og gebyr blir fastsett slik det kjem fram i pkt. 7 i rådmannen sitt forslag til årsbudsjett og økonomiplan.

For eigedomsskatteåret 2023 skal det skrivast ut eigedomsskatt på nærings eigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, jf. eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav d. Den alminnelege skattesatsen for eigedomsskatt i skatteåret 2023 er 7 promille, jf. eigedomsskattelova § 11 første ledd.

## **Saksopplysningar:**

### **Bakgrunn**

Rådmannen legger frem med dette årsbudsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026 i balanse etter rammesaka, men ikkje i balanse etter signala i framlegg til statsbudsjett for 2023.

Regjeringa har varsla eit eittårig trekk på rammetilskotet for kommunen i 2023 som følgje av høg verdi på konsesjonskrafta i 2022. Kommunen har rapporteringsfrist 1. desember i år og det endelege fordelinga av trekket blir fastsett innan året er omme. Siste anslag for effekten av dette trekket for Masfjorden kommune er på 27,4 mill.

Regjeringa har i tillegg varsla om ekstra arbeidsgjevaravgift på løningar over kr 750.000 og ein lønsvekst frå 2022 til 2023 på 4,2 prosent. Arbeidsgjevaravgiftsendringa vil ha både direkte og indirekte effekt for Masfjorden kommune gjennom dei samarbeid som kommunen er ein del av. Det er førebels anslått at denne endringa kan utgjere 0,4 mill. Årsbudsjettet for 2023 har funnet rom for om lag halvparten av lønsveksten som er varsla i framlegg til statsbudsjett. For å komme opp til nivået varsla i framlegget til statsbudsjett, manglar kommunen om lag 2,0 mill.

Usikkerheitsmomenta over summerer seg til 29,8 mill. for årsbudsjettet 2023. Det endelege utfalet blir ikkje kjent før den endelege handsaminga av statsbudsjett for 2023 i stortinget. Administrasjonen kjem tilbake til dette i salderingssaka februar/mars 2023.

### **Høyring**

Årsbudsjettet og økonomiplan blir lagt ut til offentleg ettersyn i 14 dagar etter at formannskapet innstiller framlegg til vedtak i kommunestyret. Saka vil bli også meldt til behandling i ungdomsrådet, arbeidsmiljøutvalet, administrasjonsutvalet, eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

### **Vurdering**

I tillegg til usikkerheita kring 2023 har regjeringa varsla nytt inntektssystem for kommunane med verknad frå 2024. Informasjon kring dette kjem i kommuneproposisjonen våre 2023. Målet med inntektssystemet er å sørge for at kommunane setjast i stand til å tilby likeverdige tenester til sine innbyggjarar. Kommunar med formuesskatt, konsesjonskraft, havbruk og eigedomsskatt kan som følgje av endringane i inntektssystemet få reduserte inntekter. For Masfjorden kommune kan dette bety ein varig nedgang i driftsinntektene på fleire millionar.

Med større fokus på likeverdig tenestetilbod blir det enda tyngre å drive ein «ikkje gjennomsnittleg» kommune. Skulle inntektene til Masfjorden kommune bli varig redusert allereie frå 2024, blir stadig større del av driftsinntektene til kommunen bundne til vidareføring av ein svært kostnadskrevjande struktur innan oppvekst.

Samstundes har det i det siste vore store bemanningsutfordringar innan helse og pleie og omsorg. Det er vanskeleg å rekruttere innanfor denne sektoren og bruk av vikarbyrå er både dyrt og ikkje heilt problemfritt. Som følgje av det har vikar- og overtidsutgiftene hittil i 2022 vore rekord høge. Ein slik

situasjon over lang tid kan bringe med seg større slitasje på eksisterande personell.

Folkeframskrivinga for Masfjorden kommune viser også at det blir stadig større press på tenester innanfor helse og pleie og omsorg. Med utgangspunkt i folketala per 01.01.2022, 15 nyfødde barn i snitt per år og 18 dødsfall i snitt per år, viser framskrivinga følgjande utvikling for økonomiplanperioden 2023-2026:

- 23 færre barn i barnehage og skule
- 32 færre innbyggjarar i aldersgruppa 16-66 år
- 112 fleire innbyggjarar i aldersgruppa 67 år og over

Merk at auken i eldre ventast å vere dobbelt så høg som reduksjonen i innbyggjarar opp til 66 år.

### **Konklusjon**

Det er stor usikkerheit kring årsbudsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026. Administrasjonen kjem tilbake til desse momenta i salderingssaka tidleg i 2023.

Årsbudsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026 oppfyller ikkje 2 av dei 3 vedtekne handlingsreglar:

- Netto driftsresultata over 1,75 prosent – ikkje oppfylt
- Vekst i rente- og avdragsutgifter under vekst i brutto driftsinntekt – ikkje oppfylt
- Netto lånegjeld under 60 prosent av brutto driftsinntekt – oppfylt

### **Administrasjonsutvalet - 016/2022**

#### **AU - behandling:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes (6 røyster) tilrådd til formannskapet.

#### **AU - vedtak:**

**Driftsbudsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026 blir fastsett slik det er lagt fram i rådmannen sitt forslag til årsbudsjett og økonomiplan, og i samsvar med bevillingsoversikt drift jf. pkt. 9.2.**

**Investeringsbudsjett 2023 blir fastsett slik det er lagt fram i rådmannen sitt forslag til årsbudsjett og økonomiplan, og i samsvar med bevillingsoversikt investering jf. pkt. 9.3.**

**Investeringsaktiviteten i 2023 blir finansiert av tidlegare mottekne tilskotsmidlar, utan opptak av lån.**

**Masfjorden kommune tek opp inntil 2,5 mill. i lån frå Husbanken i 2023 til vidareutlån som startlån i samsvar med Husbanken sine retningslinjer.**

**Satsar for kommunale avgifter og gebyr blir fastsett slik det kjem fram i pkt. 7 i rådmannen sitt**

**forslag til årsbudsjett og økonomiplan.**

**For eidegdomsskatteåret 2023 skal det skrivast ut eidegdomsskatt på næringseidegdom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, jf. eidegdomsskattelova § 3 første ledd bokstav d. Den alminnelege skattesatsen for eidegdomsskatt i skatteåret 2023 er 7 promille, jf. eidegdomsskattelova § 11 første ledd.**

## **Formannskapet - 112/2022**

### **FS - behandling:**

Økonomileiar Svein Viktor Ellingbø møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Torill Torsvik Størkersen (Ap) la fram budsjettinnspelet frå Ungdomsrådet om ein sum på tilsaman kr 55 000 til fond/studietur til Oslo. Formannskapet samla seg om at rådmannen innarbeider dette i budsjettet.

Formannskapet samla seg om å endre pkt 4 slik:

Masfjorden kommune tek opp inntil 6,0 mill i lån frå Husbanken i 2023 til vidareutlån som startlån i samsvar med Husbanken sine retningslinjer.

Framlegg til vedtak frå Administrasjonsutvalet men endringa i pkt 4 vart samrøystes (4 røyster) vedteke.

### **FS - vedtak:**

**Driftsbudsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026 blir fastsett slik det er lagt fram i rådmannen sitt forslag til årsbudsjett og økonomiplan, og i samsvar med bevilgngsoversikt drift jf. pkt. 9.2.**

**Investeringsbudsjett 2023 blir fastsett slik det er lagt fram i rådmannen sitt forslag til årsbudsjett og økonomiplan, og i samsvar med bevilgngsoversikt investering jf. pkt. 9.3.**

**Investeringsaktiviteten i 2023 blir finansiert av tidlegare mottekne tilskotsmidlar, utan opptak av lån.**

**Masfjorden kommune tek opp inntil 6,0 mill. i lån frå Husbanken i 2023 til vidareutlån som startlån i samsvar med Husbanken sine retningslinjer.**

**Satsar for kommunale avgifter og gebyr blir fastsett slik det kjem fram i pkt. 7 i rådmannen sitt forslag til årsbudsjett og økonomiplan.**

**For eidegdomsskatteåret 2023 skal det skrivast ut eidegdomsskatt på næringseidegdom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, jf. eidegdomsskattelova § 3 første ledd bokstav d. Den alminnelege skattesatsen for eidegdomsskatt i skatteåret 2023 er 7 promille, jf. eidegdomsskattelova § 11 første ledd.**

